

Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 3. desember 2013.

Sak12/2013 Opprop

Fyresdal kommune: Ordførar Erik, Siw Berve, Bjørn Nome, Ketil Kiland

Kviteseid kommune: Regionordførar Torstein Tveito, Halvor Nyland, Hans Bakke

Nissedal kommune: Ordførar Halvor Homme, Anne-Nora Oma Dahle, Sverre Sæter

Seljord kommune: Ordførar Jon Svartdal, Jan Torbjørn Sollid Tveit, Trond Johnsen, Per Dehli

Tokke kommune: Ordførar Hilde Alice Vågslid, Britt Houge

Vinje kommune: Ordførar Arne Vinje, Børre Rønningen, Hans Kristian Lehmann

Kjell Gunnar Heggenes og Ole Dalen møtte frå administrasjonen.

I tillegg møtte Børge Skårdal frå Vest-Telemark Næringsutvikling AS, Knut Inge Skoland frå Vest-Telemark Næringsforum, Frid Berge frå Seljord kommune og Frank Hvaal frå Sykehuset Telemark HF.

Sak 13/2013 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent og regionordførar Torstein Tveito var valt til møteiar.

Sak 14/2013 Val av 1 person til å skrive under protokollen ilag med regionordførar.

Vedtak: Til å skrive under protokollen ilag med regionordførar vart valt Jan Torbjørn Sollid Tveit.

Sak 15/2013 Arbeidsprogram 2012 - 2013, rapport pr. desember 2013

Rapporten hadde fokus på fylgjande 3 tiltak:

Under mål 2: Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet rapporterte Ole Dalen om tiltaket: *"Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og informasjonsflyt."*

Under mål 3: Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark orienterte ordførarane i kommunane Fyresdal, Nissedal, Kviteseid og Seljord nærere om arbeidet med næringshagane i dei respektive kommunane omkring tiltaket: *"Tilrettelegging og utvikling av samhandlingstiltak og næringsklynger, med formål å styrke eksisterande næringsliv og stimulere til knoppskyting, nyetablering og innovasjon"*.

I tillegg orienterte Per Dehli, Frid Berge og Knut Inge Skoland

Under mål 4: Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark rapporterte Børge Skårdal om tiltaket: *" Vidareutvikle felles strategiar for vegbygging og skape alliansar for desse"*

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner rapporteringa i høve til arbeidsprogrammet 2012 - 2013. Samrøystes vedtak.

Sak 16/2013 Forslag til arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2014 - 2015.

Det låg føre forslag til vidareføring av dei 4 måla i dagens arbeidsprogram, med fylgjande nye tiltak:

Under mål 1: Vidareføre nettverket for vidaregåande utdanning i regionen.

Under mål 2: Etablere nettverk for viktige regionale institusjonar

Auke samhandlinga og kommunikasjonen med dei ulike forvaltningsnivåa

Under mål 3: Vidareutvikle den regionale etablerertenesten

Tillegg til det tredje tiltaket: ---- og vidareføre samspelet mellom regionrådet og dei næringsansvarlege i kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til arbeidsprogram for 2-årsperioden 2014 – 2015 med tillegg av nytt punkt under mål 2 med fylgjande ordlyd: "Vurdere fylgjene av ei mogleg kommunereform i Vest-Telemark". Samrøystes vedtak.

Sak 17/2013 Forslag til budsjett 2014 for Vest-Telemarkrådet

Det låg føre forslag til budsjett 2014 med ei total ramme på 4 200 000 kroner spesifisert i 7 postar.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2014 for Vest-Telemarkrådet. Samrøystes vedtak.

Sak 18/2013 Val av regionordførar og regionvaraordførar for perioden 2014 - 2015 og fastsetjing av godtgjersle for desse. Val av valnemnd for perioden 2014 - 2015.

I tråd med vedtektene låg det føre forslag til regionordførar og regionvaraordførar for perioden 2014 - 2015 på hhv. Jon Svartdal og Erik Skjervagen.

Vedtak: Som regionordførar for perioden 2014 - 2015 vert valt: Jon Svartdal, Seljord.

Som regionvaraordførar vert valt: Erik Skjervagen, Fyresdal.

Godtgjersle for regionordførar vert : 25 000.

Godtgjersle for regionvaraordførar vert: 5 000.

Til valnemnd for same periode vert valt: Sverre Sæter, Hilde Alice Vågslid og Torstein Tveito.

Samrøystes vedtak.

Sak 19/2013 Det framtidige tenestetilbodet ved sjukehusa i Telemark.

Orientering v/prosjektleiar Frank Hvaal, Sykehuset Telemark HF.

Prosjektleiar Frank Hvaal frå Sykehuset Telemark HF var tilstades og orienterte nærare om prosjektet "Utviklingsplan 2014 - 2016" gjeldande det framtidige tenestetilbodet ved sjukehusa i Telemark. Det er skissert 3 ulike modellar, der styret i helseforetaket vil legge fram si tilråding 10. desember. Etter gjennomført høyringsrunde vil den endelege styrehandsaminga skje i møte 26. mars 2014.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringa til vitande.